

ULSANDEN SØRE



Av Knut Raastad, skrivi i 2004

Gnr. 90 bnr. 1 vart kalla søre Ulsanden til det vart samanslege med nørdre, men lenger sør ligg også eit bruk som går under namnet søre Ulsanden. Dette var ein bygdaalmenningsplass som låg mellom Ulsanden gnr. 90 og Sandnesulen, slik det heiter i 1900.

Knut Olsen Ulsanden 1789-1829 frå Ulsanden, vart i 1812 gift med Rønnoug Amundsdotter 1769-1852. Dei hadde ikkje barn, men Rønnaug hadde tidlegare med Gudbrand Olsen Ryen (Kleiven, Sørlien) 1765-1818 dottera

Mari 1792-1871, blind i 1865

Ugifte Mari Gulbrandsdotter Ulsanden hadde med Hans Olsen Kleppeeie (Jukulen) 1792-1862 sønnene

Ole Hansen 1821-1901

Gudbrand Hansen, f. 1825

Ole Hansen Ulsanden fekk i 1854 feste på Ulsanden søndre i Nordherad bygdealmening, men han har truleg brukt plassen før. I 1865 og 1875 var Ole husmann med jord, han vart i 1847 gift med Marit Olsdotter Rottenseie 1816- og dei hadde barna

Ole 1849-1938, neste brukar

Erik 1854-

I 1900 var Ole Olsen husfar, han fekk i 1905 feste på søre Ulsanden mot årleg avgift kr 2,-. Ole vart i 1883 gift med Torø Larsdotter 1857-1944 Teigmorken frå Skjåk. Dei hadde barna

Ole f. 1884, til Amerika

Rønnaug f. 1886

Mari f. 1888, gift med Kristen Smedsmo

Laura f. 1891, til Amerika

Lars f. 1893

Elene f. 1895

Maria f. 1898, gift med Anders Kleiven

I 1900 budde Knut Brenden med familie på søre Ulsanden, før dette hadde dei budd i Arnestugu og seinare flytte dei til Brattlandhaugen. I føderådsbygning budde Peder Svendsen Kampen med familie, desse budde tidlegare i Perstugu ved Ulsand.

Søre Ulsand gnr. 90 bnr. 4 vart skyldsett i 1946. Lars selde bruket til Hans H. Ulsanden i 1943 for kr 80,-. Det fanst da ikkje att hus, Lars budde i ei stugu som vart rivi da vegen vart bygd i 1950-åra. Ny stugu til Lars vart da bygd ovanfor vegen, truleg på gammal tomt til Ulsandstugu. Hans Ursand bygde stugu på den gamle tomta på søre Ulsanden, men i 1945 flytte dei til Bjørngen. Hans selde bruket til broren Jakob Ulsanden for kr 600,-.

Håkon og Gunhild Ulsanden budde der ca. 1963-1965, før dette budde Gunnar og Ingeborg Resvoll der ei tid. Jakob sette ca. 1968 opp ny stugu ned for den førre, og familien budde der frå ca. 1970. Men om sommaren var dei i Lom. Jakob Ulsanden 1909-1995 var gift med Ragna Storøygard 1907-1983. Dei flytte til dottera i Oslo ca. 1980, Jakob kom ca. 1985 til Vågåheimen. Jakob og Ragna hadde dottera

Ymbjør

Ymbjør er gift med Arvid Larsen, dei budde ei tid på 1970-talet på søre Ulsanden, frå ca. 1980 vart det feriested. Ymbjør og Arvid har barna

Jan f. 1965

Anita f. 1969

Frå 2002 har Nils I Ulsanden f. 1943 overteke søre Ulsanden til bruk som feriested.

I 1875 var det på søre Ulsanden 1 ku, 5 sauer og 6 geit, medan det vart sådd $\frac{3}{4}$ tønne bygg, litt rug og 1 tønne poteter.

Kjelder: P.Ø.Kvarberg 2000: Slechter i Vågå og Lom, s. 20

Norske Gardsbruk 1953-1997

Folketelling 1865, 1875, 1900

Utskrifter kyrkjebok for Vågå

Festekontrakt

Hans Ursand: munnleg fortald

Håkon Ulsanden: munnleg fortald